



Statkraft
REN ENERGI

PROSJEKTRAPPORT MED KU

Søknad om konsesjon for Austdøla kraftverk (et O/U-prosjekt)

**VEDLEGG 10:
Kulturminnerapport**



Statkraft Energi AS
Postboks 200
Lilleaker
0216 OSLO

Statkraft		
SAK NR. 20100811	DOK NR. 17	
AND.	SAKSBEH. Høberg	
Innmeld- dato	20.12.11	
PROSJEKT	ARKIV NR.	
KAN ARKIVERES:		
UTG.	DATE	SIGN.

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201012898-16/344/SOLRONG

Dykkar ref.:

Bergen, 19. desember 2011

Viermyr og Austdøla kraftverk i Ulvik herad - Resultat frå arkeologisk registrering

Me viser til brev datert 26.11.10 der NVE ber Hordaland fylkeskommune gje fråsegn til høyring av melding til Statkraft Energi AS sine planar om å byggje Viermyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik herad, samt vårt varsel om arkeologisk registrering av 01.04.2011, og seinare kontakt vedrørande registreringa, samt vår førebels uttale etter registrering av 20.10.2011 og munnleg uttale etter registrering per telefon til Ivar Høberg. Me ber om orsaking for noko seint svar i denne saka.

I vår uttale av 20.10.2011 varsla Hordaland fylkeskommune om at tiltaket moglegvis kom i konflikt med eit automatisk freda kulturminne i form av eit bogastelle/skyteskjul med Askeladden ID 132981, og me bad tiltakshavar kontakta oss for ei vurdering av dette. Etter ei grundigare vurdering og kontakt med tiltakshavar har Hordaland fylkeskommune vurdert saka til at me ikkje kan utelukke at tiltaket vil komme i konflikt med kulturminnet.

Bogastellet var tidlegare sannsynleg datert som førreformatorisk og automatisk freda. Bogasteller er anlegg knytt til jakt, og har vore i bruk heilt opp mot nyare tid. Det aktuelle bogastellet vart undersøkt med jordbor, og det er ikkje lausmassar i steinkonstruksjonen som gir håp om at det kunne vera mogleg å datere kulturminnet. Hordaland fylkeskommune har difor ikkje grunnlag for å slå fast at bogastellet er frå førreformatorisk tid. Kulturminnet inngår ikkje som del av eit større fangsanlegg. Me vurderer det aktuelle bogastellet som etterreformatorisk og utan vernestatus. Me ber om at tiltakshavar unngår konflikt med bogastellet dersom dette er mogleg, og at tiltakshavar sikrar god fotodokumentasjon av bogastellet i tilfelle dette vert øydelagt eller skjult av tiltaket.

Me viser til vår uttale av 20.10.2011 vedrørende den nyare tids vegstubben som vart funne under registreringa, og viser til at me òg her ber om at kulturminnet vert bevart dersom dette er mogleg, og at det vert dokumentert ved fotografering.

Ut frå undersøkinga har vi difor ingen avgjerande merknader i saka. Elles gjer vi merksam på at tiltakshavar har plikt til å visa aktsemd, og til straks å melda frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltaket skulle støyta på automatisk freda kulturminne (jfr. kulturminnelova § 8, 2.ledd).

Faktura for gjennomført arbeid vert ettersendt.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

for

Solveig Lohne Rongved
Rådgjevar/arkeolog

Vedlegg: Rapport 43, 2011 (2 eks)


Kopi: Norges Vassdrags- og energidirektorat
Ulvik herad
Ullaland, Anne Gro, Klima- og naturressursseksjonen

Viermyr og Austdøla kraftverk

Ulvik kommune

KULTURHISTORISKE REGISTRERINGAR
VIERMYR OG AUSTDØLA KRAFTVERK

RAPPORT 43
2011



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Forord

Etter omorganiseringa av kulturminnevernet i 1990 vart ansvaret for automatisk freda kulturminne i plansaker overført til fylkeskommunane. I Hordaland fylkeskommune er det Seksjon for kulturminnevern og museum ved Kultur- og idrettsavdelinga som utfører det kulturminnefaglege arbeidet. Planområda vert sjekka ut i høve til arkivopplysingar om kjente automatisk freda kulturminne. Det vert og gjort ei kulturminnefagleg vurdering om det må gjerast arkeologiske registreringar i felt.

Den arkeologiske registreringa i felt har som mål å finne ut om eit planlagd tiltak vil komma i konflikt med automatisk freda kulturminne (eldre enn 1537). I den grad tiltaket vil verka inn på nyare tids kulturminne vil desse bli kort omtalte.

Denne rapporten er utarbeidd på bakgrunn av arkeologisk registrering i felt. Rapporten gjev opplysingar om arbeidsomfang, utstrekning og karakter av registrerte kulturminne, og om framlagde planar er i konflikt med kulturminne.

Innholdsliste

1. Samandrag.....	1
2. Bakgrunn	2
3. Kulturminne og kulturmiljø - nokre sentrale omgrep	2
4. Metode.....	4
5. Området.....	5
6. Tidlegare registreringar og funn i området	11
7. Undersøkinga	12
7.1 Automatisk freda kulturminne.....	14
7.2 Nyare tids kulturminne	15
8. Konklusjon	21
Litteratur	22

Figurliste

Figur 1 Oversikt over dei arkeologiske periodane	3
Figur 2 Oversikt over Austdølvatn, sett mot nord.....	5
Figur 3 Kart med planområda markert.....	6
Figur 4 Kart over undersøkte område/planområdet	7
Figur 5 Austdøla med kraftverka Viermyr og Austdøla. (Tekn. Øk. Rapport Osafjellet 2010. Multiconsult)	8
Figur 6 Kart Rundavatn Kraftverk med tilleggsoverføringar til Floskefonnvatn. (Tekn. Øk. Rapport Osafjellet 2010, Multiconsult).....	9
Figur 7 Utsikt mot det planlagde Rundavatn Kraftverk. Prøvestikka vart gravne i vikane nærast vatnet. Foto mot nord.....	10
Figur 8 Tidlegare kjente kulturminnet i området kring Austdølvatnet. Kart frå den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden.....	11
Figur 9 Kart over negative prøvestikk nær Rundavatn kraftverk.....	12
Figur 10 Flyfoto over område for Rundavatn kraftverk med negative prøvestikk avmerka....	13
Figur 12 Bogastelle (Askeladden ID 132981) sett mot nord	14
Figur 13 Rest av nyare tids oppmura vegfar	16
Figur 14 Bogastelle i heller sett mot sør. (Askeladden ID 149398).....	17
Figur 15 Heller som kan ha vore brukt som bogastelle sett mot søraust. (Askeladden ID 149399).....	18
Figur 16 Heller under flyttblokk. (Askeladden ID 139397).....	19
Figur 17 Kart over området ved den planlagde inntaksdammen på Viermyr med funn avmerka.	20
Figur 18 Kulturminne med Askeladden ID kring planområdet	20

1. Samandrag

I samband med høyring av melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram for Viermyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune, har Kultur- og idrettsavdelinga ved Hordaland fylkeskommune gjennomført ei arkeologisk registrering med siktemål å kartlegge kulturminneinteressene i planområdet. Registreringa vart utført 12.-16.09.11 og 21.-22.09.11 av Solveig Roti Dahl og Heidi Joki. Samla vart det nytta 105 timar i felt. Etterarbeid og rapportskriving er utført av Heidi Joki.

Området vart overflateregistrert, og det vart grave 25 prøvestikk. Alle prøvestikka var funntomme. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne som planen kjem i konflikt med.

Det vart funne fleire nyare tids kulturminne innanfor planområdet. Her er to tufter, to restar av vegfar, og eit bogastelle/skyteskjul (Askeladden id. nr. 132981). Bogastellet/skyteskjulet (Askeladden id.nr. 132981) var tidlegare registrert som automatisk freda og kartfesta til å liggja utanfor planområdet. Ved kontrollregistrering viste det seg å liggja innanfor området som kan verte påverka av tiltaket. Hordaland fylkeskommune tolkar kulturminnet til å vera frå etterreformatorisk tid. I samband med kontrollregistrering av andre lokalitetar i området vart det også registrert to nyare tids bogastelle og ein heller som ligg utanfor planområdet (Askeladden id. 149397-9).

2. Bakgrunn

Bakgrunnen for undersøkinga er mottatt melding med framlegg til konsekvensutgreiingsprogram for Viermyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik herad. Tiltakshavar er Statkraft Energi AS. Tiltaket omfattar fleire område og alternative trasear som er under utgreiing. Det er foreslått tre ulike alternativ for rørgatetrasear for Austdøla kraftverk- nedre, midtre og øvre. I tillegg er planen å utvide Lang Sima og Rundavatn kraftverk. Det er planlagt to nye overføringar til Floskefonnvatnet, bekkeinntak Nord og Sør. Det vert også planlagt eit småkraftverk med inntak ved utløpet av Floskefonnvatnet (Rundavatn kraftverk), med tilhøyrande tilkomstveg (pers. meld. Ivar Høberg). Med unntak av bekkeinntaka ved Lang Sima kraftverk, vart alle dei rørte områda undersøkt (heretter kalla planområda). Saksnummer i saka er 201012898.

Det var frå før kjent fleire automatisk freda kulturminne knytt til jakt og fangst i området. Med bakgrunn i desse funna vart området vurdert til å ha potensiale for funn av automatisk freda kulturminne. Det var i tillegg trong til kontrollregistrering av kjente funn for å avklara kor vidt kulturminna var tilstrekkeleg kartfesta.

3. Kulturminne og kulturmiljø - nokre sentrale omgrep

Kulturminne er konkrete spor etter menneske som levde før oss. Dei omfattar òg stader det er knytt historiske hendingar, tru eller tradisjonar til, jf. Kulturminneloven § 2, 1. ledd.

Kulturminne kan til dømes vere hus, gravhaugar, tufter, båtar og vegar. Desse kan vere frå tidlegare tider eller frå vår eiga tid.

Med *kulturmiljø* er meint eit område der kulturminne er ein del av ein større heilskap eller samanheng. Kulturmiljø kan til dømes vere ein bydel, eit gardstun med landskapet ikring, eit fiskevær eller eit industriområde med fabrikkar og bustader, jf. Kulturminneloven § 2, 2. ledd.

Eit stort tal med verdifulle kulturminne er freda. Gjennom Kulturminneloven er kulturminne frå oldtid og mellomalder (inntil år 1537), ståande bygningar eldre enn 1650 og samiske kulturminne eldre enn 100 år automatisk freda. Lova inneheld òg eigne lovføresegner om vern av skipsfunn. Kulturminneloven § 4 inneheld ei liste av ulike typar kulturminne som er automatisk freda. I kulturminneforvaltninga vert det også ofte skilt mellom automatisk freda kulturminne, også kalla fornminne og nyare tids kulturminne.

Arkeologiske periodar		Ukalibrert BP	Kalibrert BC/AD
Eldre steinalder	Tidlegmesolitikum (TM)	10 000 – 9000 BP	9200 – 8100 BC
	Mellommesolitikum (MM)	9000 – 7500 BP	8100 – 6400 BC
	Seinmesolitikum (SM)	7500 – 5200 BP	6400 – 4000 BC
Yngre steinalder	Tidligneolitikum (TN)	5200 – 4700 BP	4000 – 3300 BC
	Mellomneolitikum, periode A (MNA)	4700 – 4100 BP	3300 – 2600 BC
	Mellomneolitikum, periode B (MNB)	4100 – 3800 BP	2600 – 2300 BC
	Seinneolitikum (SN)	3800 – 3500 BP	2300 – 1800 BC
Bronsealder	Eldre bronsealder (EBA)	3500 – 2900 BP	1800 – 1200 BC
	Yngre bronsealder (YBA)	3000 – 2440 BP	1200 – 500 BC
Eldre jernalder	Førromersk jernalder	2440 – 2010 BP	500 – 0 BC
	Romertid	2010 – 1680 BP	0 – 400 AD
	Folkevandringstid	1680 – 1500 BP	400 – 570 AD
Yngre jernalder	Merovingartid	1500 – 1210 BP	570 – 800 AD
	Vikingtid	1210 – 970 BP	800 – 1030 AD
Mellomalder	Tidlig mellomalder		1030 – 1150 AD
	Høgmellomalder		1150 – 1350 AD
	Seinmellomalder		1350 – 1537 AD

Figur 1 Oversikt over dei arkeologiske periodane

Dei aller fleste av dei automatisk freda kulturminna er enno ikkje registrert. Det er ulike årsaker til dette. Mest vanleg er at dei ligg under dagens markoverflate, og ikkje er synlege. Det kan og skuldast at ein aldri har leita etter kulturminne i desse områda, eller at kulturminna er så overgrodd at dei ikkje lenger er synlege. Så lenge kartfesting og registrering av automatisk freda kulturminne aldri vil bli fullstendig, er ein i offentleg forvaltning og arealplanlegging avhengig av den informasjonen og dei data kulturminnevernet får fram gjennom registreringsarbeidet. Ved planlegging av offentlege og større private tiltak pliktar den ansvarlege å undersøke om tiltaket vil virke inn på automatisk freda kulturminne, jf. Kulturminneloven § 9.

Kulturminne frå nyare tid (yngre enn 1537) har meir eller mindre stor verneverdi, men er med unntak av ståande bygningar eldre enn 1650 i utgangspunktet ikkje automatisk freda. Dei kan verte freda etter § 15 i Kulturminneloven eller verte regulerte til vern med heimel i Plan- og bygningsloven. I Sefrak-registeret er kulturminne frå før 1900 (hovudsakleg ståande bygningar) registrert. I nokre områder er òg kulturminne frå etter 1900 Sefrak-registeret.

4. Metode

Sidan førhistoriske spor etter menneske ofte ikkje er synleg på markoverflaten, vil registreringsmetode vanlegvis innebære graving manuelt med spade, prøvestikking eller ved hjelp av gravemaskin, maskinell flateavdekking. I område kor ein reknar med funn av synlege kulturminne vert det søkt i overflata. Ofte vert fleire metodar nytta på ei og same registrering. Kva metode som er vald avheng av topografi, høgd over havet og kva type kulturminne ein reknar med å kunne påvise.

Prøvestikking er den mest nytta metoden for å påvise kulturminne frå steinbrukande tid, men kan også nyttast til å påvise yngre kulturminne. Ved bruk av denne metoden sonderar ein fyrst med eit jordborr etter lausmassar. Ved påvising av lausmassar grev ein så prøvestikk med spade. Prøvestikka er om lag 40 x 40 cm. Den oppgravne massen under torva vert vassålda i såld med 4 millimeter maskevidde. Slik vil funn av reiskap og avslag etter reiskapsproduksjon vere lett å finne.

Ved overflaterregistrering vert området som skal undersøkast synfare systematisk med tanke på synlege kulturminne. Synlege kulturminne kan vere gravminne, hustufter, helleristningar, bergmalingar, steingjerder, geilar, jakt- og fangstanlegg, kolgroper, vegar og vegfar, hellerar, runesteinar jernvinne, steinbrot, bygdeborgar.

Landskapet har endra seg mykje sidan førhistorisk tid; enten ved at tidlegare tidars busetjingsområde har gått ut av bruk og grodd att, ved moderne påverking eller ved landheving.


På bakgrunn av kunnskap om tidlegare kjende kulturminne i området kunne ein venta å finne spor frå steinalder til nyare tid i planområdet. Ved registreringa vart det grave prøvestikk, og søkt i overflata etter synlege kulturminne.

5. Området


Planområda ligg innerst i Hardangerfjorden, like aust for Osa. Planområda ligg langs elva Austdøla, ved Austdølvatnet, og ved Floskefonnvatnet på høgfjellet. Austdøla renn ned frå fjellet i aust og ned i ein djup dal med bratte fjellsider. Området vest for Viermyr, langs Austdøla, er veldig bratt og det stig med rundt 600 høgdemeter frå det nedre kraftstasjonsalternativet i vest til den planlagde inntaksdammen på Viermyr. Vegetasjonen består av lyng og små bjørketre. Ved inntaket på Viermyr ligg eit lite platå med lyng, og enkelte små bjørketre. Vidare opp på fjellet består området av kupert, avrunda bart berg med større og mindre vatn imellom. Ein kan finne gras og lyng i enkelte små daldrag innimellom bergknausane. Ved Floskefonnvatnet (Rundavatn kraftverk), som ligg på rundt 1100 moh., består den nordlege delen av området av kupert bart berg, mens den sørlege delen, ved Rundavatnet, består av mindre bergknausar og mosegrodde grussletter som heller ned mot vatnet i aust.




Figur 2 Oversikt over Austdølvatn, sett mot nord.



Figur 3 Kart med planområda markert.



Figur 5 Austdøla med kraftverka Viernmyr og Austdøla. (Tekn. Øk. Rapport Osa-fjellet 2010, Multiconsult)




Figur 6 Kart Rundavatn Kraftverk med tilleggsoverføringer til Floskefonnvatn. (Tekn. Øk. Rapport Osafjellet 2010, Multiconsult).



Figur 7 Utsikt mot det planlagde Rundavatn Kraftverk. Prøvestikka vart gravne i vikane nærast vatnet. Foto mot nord.

6. Tidlegare registreringar og funn i området

Det var frå før kjent fleire automatisk freda kulturminne i området, spesielt nord for Nedre- og Øvre Austdølvatnet. Kulturminna er registrert i den nasjonale kulturminnedatabasen *Askeladden*. Dette er lokalitetar som for det meste er knytt til jakt og fangst, og som vart registrert i 1969 i samband med ”*Hardangerviddaprojektet for Tverrvitenskaplig Kulturforskning (HTK)*”. Her er kjent ei fangstgrop (Askeladden id. 132971), tre hellerar (ID 133107, ID 133111, ID 133110), eit ledegjerde (ID 132979), eit bogastelle/buplass (ID 132977), ei fangstgrav (ID 132965), og eit bogastelle og ledegjerde (ID 132968). På sørsida av vatnet ligg eit bogastelle (ID 132981). Ingen av hellerane er automatisk freda. Mange av kulturminna har usikker datering og omtrentleg kartfesting. Det vart difor gjennomført kontrollregistreringar i samband med prosjektet for å sikra at dei kjende kulturminna ikkje ville verte råka av tiltaket.




Figur 8 Tidlegare kjente kulturminnet i området kring Austdølvatnet. Kart frå den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden.

7. Undersøkinga


Undersøkinga vart utført 12.-16.09.11 og 21.-22.09.11 av Solveig Roti Dahl og Heidi Joki. Den fyrste dagen var Ivar Høberg frå Statkraft med ut i felt og peikte ut dei planlagt rørte områda. Han informerte også om ei lita utviding av planen sør for Rundavatn kraftverk. Der er det tenkt å bygga ein tilkomstveg med samband til den eksisterande grusvegen.

Området vart overflateregistrert, og det vart grave 25 prøvestikk. Alle dei 25 prøvestikka vart grave i området sør for det planlagde Rundavatn kraftverk. Det vart ikkje funne automatisk freda kulturminne som kjem i konflikt med planen.

Av nyare tids kulturminne vart det funne to tufter, to restar av eit vegfar, og eit bogastelle/skyteskjul (Askeladden id. nr. 132981) som ligg innafor dei planlagt rørte områda. Det vart også registrert to nyare tids bogastelle og ein heller som ligg utanfor planområdet (Askeladden id. 149397-9).



Figur 9 Kart over negative prøvestikk nær Rundavatn kraftverk.



Figur 10 Flyfoto over område for Rundavatn kraftverk med negative prøvestikk avmerka.

7.1 Automatisk freda kulturminne

Tett i kanten av planområdet sør for Austdølvatnet var det frå før kjent eit automatisk freda bogastelle/skyteskjul (Askeladden id. nr. 132981). Ved kontrollregistrering viste det seg at dette var dårleg kartfesta, og at kulturminnet i røynda låg innanfor det området som kunne verte påverka av oppdemminga av vatnet. Den opphavlege plasseringa av helleren på kartet ligg høgt oppå bratt bart berg, mens det bogastellet som var funne ligg i ein heller i ein dal der reinen naturleg vil velje å trekke gjennom. Ut frå beskrivinga frå undersøkinga i 1969 verkar det å vere det same bogastellet. Kulturminnet er ikkje ein del av ein samanhengande fangstlokalitet.

Kulturminnet ligg i ein liten dal som hellar svakt nedover mot vatnet. Det var ikkje mogleg å grave prøvestikk i bogastellet sidan det berre besto av stein, og sidan ein ikkje fann kol eller gjenstandar å datere kunne alderen ikkje verte fastslått. Bogastellet er tolka til å vera etterreformatorisk.

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne innanfor planområdet.



Figur 11 Bogastelle (Askeladden ID 132981) sett mot nord

7.2 Nyare tids kulturminne

Av nyare tids kulturminne vart det funne to tufter, to rester av eit vegfar, og eit bogastelle/skyteskjul (Askeladden id. nr. 132981) som ligg innafor dei planlagt rørte områda. Det vart også registrert to nyare tids bogastelle og ein heller som ligg utanfor planområdet (Askeladden id. 149397-9).

Nyare tids tufter

I området lengst vest, i dalen langs Austdøla, er forslag om tre alternative rørgatetrasear. Ved den planlagde plasseringa av kraftstasjon for nedre alternativ ligg restane av ein SEFRAK-registrert kraftstasjon som er rundt 100 år gamal (SEFRAK-id 12330108024). Lenger aust, ved den planlagde inntaksdammen på Viermyr, ligg ei tuft av ei tidlegare lagerbygning. Tufta ligg midt på sletta på Viermyr oppå ein lav haug med rasmassar. Den er laga av tørmure naturstein, er 9x5 m i ytre mål, og veggen er rundt ein meter tjukk.

Heller

I området rundt den planlagde inntaksdammen på Viermyr var det registrert ein heller (Askeladden id. 133110). Denne vart ikkje funnen att under registreringa. Ut frå skildringa i Askeladden verkar det som om den er feil kartfesta. Då den vart registrert vart det grave fem prøvestikk i og utafor helleren utan at det vart påvist kulturspor. Hellaren har ingen vernestatus.

Vegfar

I same område som dei nyare tids tuftene vart det funne to restar av vegfar. Den første vegresten i vest er mest eit tråkk som ein sjå gå mellom nokre store steinblokkar. Det var ikkje mogleg å finne den sørlege enda på stien, men truleg har bygginga av den moderne vegen øydelagt noko av det gamle tråkket. I den nordlege enda av tråkket kan ein sjå at det går inn i den moderne vegen. Det bevarte tråkket er ca. ein meter breidt, og rundt 100 meter langt. Den andre vegresten ligg lenger aust, og er oppmure med naturstein. Den går i retning aust-vest, er 1-1,5 m bred, og rundt 10 meter lang.



Figur 12 Rest av nyare tids oppmura vegfar

Nyregistrert Bogastelle/skyteskjul - Askeladden id. 149398


Utanfor planområdet, vart det funne eit nytt bogastelle (Askeladden id. 149398). Dette var ikkje registrert frå før, og ligg i ein heller. Det ligg to avlange (120x80 cm) naturlege steinar framfor helleren. Rommet bak desse er rundt 1x2 meter stort. Det er likevel noko usikkert om steinane har vorte plassert der naturleg, eller om det er menneske som har lagt dei der. Uansett er plasseringa optimal til bruk som bogastelle. Helleren ligg i dalsida, rundt 10 meter opp frå dalbotnen, og det er lett å gjøemme seg bak steinane i front. Det var ikkje mogleg å grave prøvestikk i helleren/bogastellet, og den er ikkje automatisk freda.



Figur 13 Bogastelle i heller sett mot sør. (Askeladden ID 149398)

Nyregistrert Bogastelle - Askeladden id. 149399

I området nordaust for Austdølvatnet er det kjent fire automatisk freda kulturminne (Askeladden id. 132965, 132968, 132977, 132979). Ingen av desse vart funne att under kontrollregistreringa. Det vart gjort ei nyregistrering i dette område; ei bogastelle/heller (Askeladden id. 149399). Den nyregistrerte helleren ligg i følgje kartet rett ved eit allereie registrerte bogastelle/ buplass (Askeladden id. 132977), men det er usikkert om det snakk om same plassen. Ut frå beskrivinga frå registreringa i 1969 skal det ha vore funne ein steinmur og kolrestar ved bogastellet/buplassen. Det var det ikkje spor av i den helleren som no vart funnen. Helleren er 6x3 meter stor, og opninga rundt 180 cm høg. Det ligg fleire naturlege steinar inni helleren, dei er 30-50 cm i diameter. Helleren ligg på austsida av eit smalt daldrag som går frå nordenden av Austdalvatn 3, det lange smale vatnet mellom Austdølvatn og Rossavatn, i ein bue rundt ein bar bergtopp opp mot ein elv i nordvest. Denne dalen er også ei naturleg trekkrute for reinen sidan terrenget elles er så ulendt, og sidan det her veks litt gras og mose. Den nye helleren/bogastellet har uavklart vernestatus. Dette området ligg utanfor planområdet og vert ikkje påverka av tiltaket.




Figur 14 Heller som kan ha vore brukt som bogastelle sett mot søraust. (Askeladden ID 149399)

Nyregistrert heller Askeladden id. nr. 149397


Etter tips frå Ivar Høberg ved Statkraft vart det registrert ein ny heller langs vegen, utanfor planområdet (Askeladden id. nr. 149397). Hellen ligg på vestsida av vegen på ein fjellrygg mellom Rossevatni og Austdølnutvatnet. Terrenget fell bratt ned mot ein dal med Rossevatni og fleire mindre vatn i vest. Hellen ligg under ein flyttblokk med utsyn mot nord og vest, og har ein solid oppbygd mur i forkant som dekker nesten heile opninga. Flata inni hellen er på rundt 5x4 m, og opninga mot nord er ca. 1,7 m høg. Hellen har tydeleg vore i bruk også i moderne tid då restane av eit bål er synleg ved inngangen. Det vart grave eit prøvestikk inni hellen, utan at det vart gjort funn av kulturspor. Hellen er registrert som eit nyare tids kulturminne.



Figur 15 Heller under flyttblokk. (Askeladden ID 139397)



Figur 16 Kart over området ved den planlagde inntaksdammen på Viermyr med funn avmerka.



Figur 17 Kulturminne med Askeladden ID kring planområdet

8. Konklusjon

Den arkeologiske registreringa på kommune vart gjennomført den 12.-16.09.11 og 21.-22.09.11. Området vart overflateregistrert, og det vart grave 25 prøvestikk. Av nyare tids kulturminne vart det funne vart det funne to tufter, to restar av eit vegfar, og eit bogastelle/skyteskjul (Askeladden id. nr. 132981) som ligg innafor dei planlagt rørte områda. Det vart i tillegg registrert to nyare tids bogastelle og ein heller som ligg utanfor planområdet (Askeladden id. 149397-9).

Eit tidlegare registrert automatisk freda kulturminne ligg i fare for å verte påverka av tiltaket. Dårleg kartgrunnlag og lite nøyaktige høgdekoter for området gjer det vanskeleg å avgjera kor vidt kulturminnet vil verte påverka av oppdemminga. Kulturminnet let seg ikkje datera, og er tolka som etterreformatorisk.

Det vart ikkje gjort funn som kjem inn under Kulturminnelova § 4.


Litteratur

- Den nasjonale kulturminnedatabasen *Askeladden* www.asketadden.ra.no
- Teknisk/ økonomisk forprosjekt for kraftverk på Osafjellet. Vassdragsnr. 051. Ulvik kommune. 2010. Multiconsult

Vedlegg

Utskrift frå Riksantikvarens kulturminnedatabase Askeladden

Fotoliste



Lokalitet - 132981 - Arkeologisk lokalitet - Fangstlokalitet - Lok 11 Austdalsvatn

Klassifisering

Kategori: Arkeologisk lokalitet **Art:** Fangstlokalitet

Stedfesting

Fylke: Hordaland
Kommune: Ulvik
Museumsdistrikt: Bergen Museum

Geometri

Koordinatsystem: (23) UTM sone 33 (EUREF89/WGS84)
Nord: 6742308.7 **Øst:** 68204.2

Metadata på digital stedfesting:

Geometri datert: 01.01.1969

Oppretting og ansvar

Registrert

Dato: 01.01.1969 **Ansvarlig etat:** Bergen Museum
Utført av: Åsmund Eknæs og Bjørn Bjørlykke **Instans:**

Kontrollert

Dato: 16.09.2011 **Ansvarlig etat:** Hordaland fylkeskommune
Utført av: Heidi Joki og Solveig Roti Dahl **Instans:**

Utfyllende opplysninger

Kilder (litteratur m.m.):

Hordaland fylkeskommune, rapport 43-2011. NOU 1974: 30 a & b, Kart 16b HISTORISK MUSEUM, UNIVERSITETET I BERGEN, KULTURHISTORISKE UNDERSØKELSER 1969 I OSA, ULVIK KOMMUNE, HORDALAND

Beskrivelse:

I helleren er det lagt opp ca. 1 m lange og 25 - 30 cm brede steinblokker i en firkant med utvendige mål ca. 1,5 x 1,5 m. Høgda på oppbygningen er ca. 40 cm. Vegetasjonen innover i dalføret er flere steder ganske frodig, særlig i området rundt helleren. Her vokser det gras, lyng og høge bregner. I det vanskelig framkommelige terrenget på vest-sida av Austdalsvatn 2 må det være naturlig for reinen å følge dette dalføret, særlig da det er så rikt på vegetasjon i et ellers goldt område. Dette gjør det rimelig å tolke lokalitet 11 som et bogastille. Dyregrava, lokalitet 17 (id nr132971) ligger i dalføret på den motsatte siden av Austdalsvatn 1 og det ser ut til at den enkleste måten å komme inn i dette dalføret på fra sør er fram gjennom dalen der

bogastillet ligger og over vannet.

Orientering:

På sørsida av Austdalsvatn I (dvs det vestlegaste) går det ca. 50 m nedafor øvre os et ganske trangt og ca. 500 m langt dalføre mot sør-øst. Ca. 130 m inne i dalføret fra Austdalsvatn I er det en ca. 2,5 m dyp heller oppunder berget mot øst. I bunnen av dalføret like sør-vest for helleren er det et lite vann.

Historikk/tradisjon:

Det er ingen tradisjon knytta til bogastillet.

Prosjekt:

Hardangerviddaprojektet for Tverrvitenskapelig Kulturforskning (HTK)

Merknad:

---08.01.2010: Geometri frå NOU-kart og opplysningar i rapport. Bør målast inn på nytt. ---
07.11.2011: Geometrien vart korrigert etter registrering ved Hordaland fylkeskommune i september 2011.

Tilhørende enkeltminner

1 Bogastelle UAV

Tilstand registrert den

Tilstand:

Årsak:

Arealbruk:

Registrert dato:

Registrert av:

Utførende instans:

Oppdragsgiver:

Vernestatus for lokalitet

Vernetype: Uavklart

Lovgrunnlag:

Paragraf:

Vernedato: 01.01.1969

Tinglystdato:

**Enkeltminne - 132981-1 - Arkeologisk enkeltminne - Bogastelle -
Klassifisering**

Kategori: Arkeologisk enkeltminne

Art: Bogastelle

Opprinnelig funksjon: Jakt, fangst

Hovedgruppe: Primærnæringer

Status:

Stedfesting

Fylke: Hordaland

Kommune: Ulvik

Geometri

Koordinatsystem: (23) UTM sone 33 (EUREF89/WGS84)

Nord: 6742308.7

Øst:

68204.2

Metadata på digital stedfesting:

Geometri datert:

08.01.2010

Datering

Datering:

Etterreformatorkisk tid

Metode:

Eksakt datering:

Kvalitet:

Utfyllende opplysninger

Tilstand registrert den

Tilstand:

Registrert dato:

Årsak:

Registrert av:

Arealbruk:

Utførende instans:

Oppdragsgiver:

Vernestatus for enkeltminne

Vernetyp: Uavklart

Vernedato:

Lovgrunnlag:

Tinglystdato:

Paragraf:

//}



2011-072-001.jpg Austdelvåin sett mot NA.

Kulturhistorisk undersøking
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011




2011-072-002.jpg Kraftstasjon ved Austdøla.

Kulturhistorisk undersøking
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011



2011-072-003.jpg Tuft av lagerbygning på Viernmyr. Sett mot A.

Kulturhistorisk undersøking
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011



2011-072-004.jpg Tuft av lagerbygning på Viernmyr. Sett mot SV.

Kulturhistorisk undersøking
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011




2011-072-005.jpg Tuft av lagerbygning på Viernmyr. Sett mot S.

Kulturhistorisk undersøking
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011



2011-072-006.jpg Tuft av lagerbygning på Viernmyr. Sett mot N.

Kulturhistorisk undersøking
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011




2011-072-007.jpg Vegfar sett mot NA.

Kulturhistorisk undersøking
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011




2011-072-008.jpg Vegfar sett mot NA.

Kulturhistorisk undersøking
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011



2011-072-009.jpg Vegfar sett mot SV.

Kulturhistorisk undersøking
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011




2011-072-010.jpg Vegfar sett mot NA.

Kulturhistorisk undersøking
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011




2011-072-011.jpg Bogastelle/heller sett mot S.

Kulturhistorisk undersøkning
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011



2011-072-012.jpg Bogastelle/heller sett mot S.

Kulturhistorisk undersøkning
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011



2011-072-013.jpg Bogastelle/heller til høyre i bildet. Sett mot S.

Kulturhistorisk undersøkning
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011




2011-072-014.jpg Bogastelle til venstre i b bildet. Sett mot NA.

Kulturhistorisk undersøkning
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011




2011-072-015.jpg Bogastelle sett mot N.

Kulturhistorisk undersøkning
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011




2011-072-016.jpg Bogastelle sett mot N.

Kulturhistorisk undersøkning
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011




2011-072-017.jpg Bogastelle sett mot A.

Kulturhistorisk undersøkning
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011



2011-072-018.jpg Bogastelle sett mot A.

Kulturhistorisk undersøkning
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011




2011-072-019.jpg Bogastelle sett mot V.

Kulturhistorisk undersøkning
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011




2011-072-020.jpg Bogastelle sett mot V.

Kulturhistorisk undersøkning
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011




2011-072-021.jpg Bogastelle sett mot V.

Kulturhistorisk undersøking
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011




2011-072-022.jpg Bogastelle sett mot S.

Kulturhistorisk undersøking
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011




2011-072-023.jpg Vegfar med oppbygd mur. Sett mot NA.

Kulturhistorisk undersøking
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011



2011-072-024.jpg Viernmyr sett mot SV.

Kulturhistorisk undersøking
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011



2011-072-025.jpg Austdølvatnet, nedre, sett mot N.

Kulturhistorisk undersøking
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011



2011-072-026.jpg Austdølvatnet, nedre, sett mot NV.

Kulturhistorisk undersøking
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011



2011-072-027.jpg Austdølvatnet, nedre, sett mot A.

Kulturhistorisk undersøking
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011



2011-072-028.jpg Austdølvatnet, nedre, sett mot N.

Kulturhistorisk undersøking
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011



2011-072-029.jpg Austdølvatnet, øvre, sett mot N.

Kulturhistorisk undersøking
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011



2011-072-030.jpg Dal med bogastelle ved Austdølvatnet, øvre, sett mot N.

Kulturhistorisk undersøking
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011



2011-072-031.jpg Heller med bogastelle sett mot SA.

Kulturhistorisk undersøkning
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011



2011-072-032.jpg Dalen ved Austdøla. Sett mot V.

Kulturhistorisk undersøkning
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011



2011-072-033.jpg Heller/bogastelle sett mot A.

Kulturhistorisk undersøkning
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011




2011-072-034.jpg Heller/bogastelle sett mot SA.

Kulturhistorisk undersøkning
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011



2011-072-035.jpg Dal med heller/bogastelle lengst frå kamera, sett mot SA.

Kulturhistorisk undersøkning
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011



2011-072-036.jpg Austdølvatnet, øvre, sett mot V.

Kulturhistorisk undersøkning
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011



2011-072-037.jpg Område ved Rundavatn kraftverk. Sett mot N.

Kulturhistorisk undersøkning
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011



2011-072-038.jpg Område ved Rundavatn kraftverk. Sett mot N.

Kulturhistorisk undersøkning
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011



2011-072-039.jpg Område ved Rundavatn kraftverk. Sett mot SA.

Kulturhistorisk undersøkning
Viernmyr- og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune
Rapport-43-2011



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Kultur- og idrettsavdelinga
Agnes Mowinckels gt 5
Postboks 7900
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 90 00
www.hordaland.no



Statkraft
REN ENERGI